




Stad kommune



Dersom du har tre ut mot veg, fortau eller gang- og sykkelveg må ikkje greiner henge lågare enn 5 meter over veggan. Over fortau og gang- og sykkel- veg må ikkje greiner henge lågare enn 3 meter. Eigaren av trea er også ansvarleg for fjerning av greiner som dett ned.

Kommunalteknikk arbeider for at det skal vere trafikksikkert og trygt å ferdast i Stad kommune. Vegetasjon på privat eide dom er derimot noko vi treng di hjel til. Derfor oppfordrar vi deg til å sjekke eide domen din og klappe det som er naudsynt. - På den måten bidreg også DU til eit trafikksikkert lokalmiljø!

*Vi reknar med å bli einige med dei fleste. Likevel vil vi gjere kjend kva lovheimlar vi har for å gjennomføre dette viktige arbeidet som ledd i å skape god trafikksikkerheit.*

**Grannelova § 12** Med heimel i grannelova § 12 gev kommunen med dette varsel om at tre og greiner som veks inn over vegens eide domsråde må fjernast av grunneigar innan 3 veker frå mottaking av denne førehandsvarslinga. Dersom ikkje grunneigaren sjølv ser til at arbeidet blir utført vil det bli utført av kommunen og då stort sett med mekanisk reiskap.


**Veglova § 43 m/ forskrifter** Etter veglova § 43 m/ forskrifter har eiger / brukar av avkjørsle plikt til å halde avkjørsla rydda for vegetasjon. Forskrifta til § 43 seier at frisiktfeltet skal ryddast i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande retningslinjer for dette. Innafor frisiktfeltet må vegetasjonen ikkje vere høgare enn 0,5m over vegplanet. Dersom vegetasjonen ikkje blir halde i forsvarleg stand kan kommunen syte for at arbeidet blir gjort for den ansvarlege sin kostnad. Det blir med dette gjeve førehandsvarsling om eventuelle vedtak om dette.

**Veglova § 31** I dei høva kommunen ikkje eig areal på 3m frå veggant eller det i særlege høve er naudsynt å foreta rydding utafor eit belte på 3m frå veggant (i kurver og kryss), kan kommunen med heimel i veglova § 31 påby eigeren å ta bort vegetasjon innanfor eit nærmare gitt område (jfr. veglova § 29). Det blir med dette gitt førehandsvarsel om at slikt vedtak kan bli utførde. Eigar kan i så fall krevje vederlag for mogleg skade og umepte som følger av slikt påbod og for utgiftar med rydding. Blir påbod til grunneigaren ikkje etterkome kan kommunen syta for at arbeidet blir gjort. Eigar kan i så fall krevje vederlag for mogleg skade og umepte. Grunneigaren vil bli kontakta for påvisning av ryddingsfelt.

Foto: Dag A. Nordsvæen, Statens vegvesen

INFORMASJON om vegetasjonsrydding til grunneigarar langs kommunale vegar

## Fri sikt!



Har du spørsmål er du velkommen til å ta kontakt med:

Stad kommune, kommunalteknikk

Tlf. 57 88 58 00

E-post: [post@stad.kommune.no](mailto:post@stad.kommune.no)



[www.stad.kommune.no](http://www.stad.kommune.no)

Juni 2021

# Klipp hekk og busker!

## Trafikktryggleik

Bli med på ein dugnad for å unngå ulykker i ditt nærområde. Eig eller disponerer du ein eigedom med avkjørsle til veg eller gang- og sykkelveg? Då har du ansvar for å sørge for fri sikt ved di avkjørsle. (jf. Veglova §31 og §43).


**Er hekken eller gjerdet meir enn 50 cm høgt?**  
God sikt er ein forutsetnad for å få auge på gåande og syklende som kryssar di avkjørsle. Hekker og tre veks fort, og gjerder kan vere sett opp slik at dei hindrar sikta. Dersom hekken eller gjerdet er over 50 cm høgt, er det naudsynt å gjere noko med dette. Svært mange alvorlege sykkelulykker skuldast därleg sikt. Hvis hekken din skjular sikta for fotgengarar, syklistar, funksjonshemma og andre trafikantar kan det lett oppstå trafikkfarlege situasjonar. Vi oppmodar deg derfor til å vurdere siktforholda ved eigedomen din - av hensyn til sikkerheita for deg sjølv, dine besökande og andretrafikantar!



**Born er låge og syns ikkje like godt bak høge busker og hekkar. Dei er gjerne oppslukt av leik og spring ofte rett ut i vegen utan å sjå segfor.**


## Slik sørger du for fri sikt i avkjørsla di

Ved å klippe vegetasjonen slik som vist på illustrasjonen bidreg du til auka sikkerheit og færre trafikkulykker.



Dersom avkjørsla di kryssar gang- og sykkelveg må høgde på hekk og gjerde ikkje overstige 0,5 meter over gateplan i frisiktsona.

Klipp enten hekken din slik at den held seg under 0,5 meter (alternativ 1) eller flytt gjerde og/eller hekk utanforfrisiktsona, merka med rosa farge (alternativ 2).



Dersom avkjørsla di munnar ut i vegen må høgde på hekk og gjerde ikkje overstige 0,5 meter over gateplan. Hekk og gjerde kan også flyttast utanfor frisiktsona, merka med raud stipla strek.

Det må vere 3 meter fri sikt inn i avkjørsla. Det betyr at når du står 3 meter inn i avkjørsla di skal du kunne sjå midten av gang- og sykkelvegen 30 meter til kvar side.

Merk at frisiktsona bør utvidast ut over 30 meter dersom gang- og sykkelvegen hellar og syklistane held høg fart.

Det må vere 4 meter fri sikt inn i avkjørsla. Det betyr at når du står 4 meter inn i avkjørsla di, skal du kunne sjå vegen 45 meter til kvar side dersom fartsgrensa er 50 km/t, og vidare aukar avstandane med farten slik figuren viser.